



**BONDEUNGDOMSLAGET  
I OSLO**



**ÅRSMELDING**



**2023**





# INNHALD

---

## INNHALD

## SIDE

1.	Innleiing	3
2.	Medlemmar	4
2.1	Medlemstal	4
2.2	Medlemsfordeling	4
3	Kultur- og idrettsaktivitetane	5
3.1	Særlaga	5
3.2	Tilskippingar og andre hendingar i laget	8
3.4.	Aktivitetskalender 2023	10
4.	Informasjonsarbeid	11
5.	Eigedomar og drift	11
6.	Økonomi og forretningsdrift	13
7.	Tilsette på lagskontoret	14
8.	Valde ombod i og for BUL	15

Bilete på framsida frå toppen: (1) Brusteinball. Foto: Thor Hauknes (2) Samson & Roberto. Foto: Terje Svindseth (3) Røkleivhytta. Foto: Kari Velure (4) BUL 1, BVT-fotballag. Foto: Kjetil Myklebust (5) Songlaget i BUL på NM i kor. Foto: Arild Bjørkelo

Til venstre: Sentrumsløpet. Foto: Eirik Førde.

Neste side: BULder og brak. Foto: Thor Hauknes

# 1. INNLEIING

---

Året 2023 var eit aktivt år i Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) med høgt medlemstal og mykje aktivitet på og utanfor huset. Særlaga hadde dette program med mange som reiste på meisterskap utanfor Oslo. Grunna denne aktiviteten har det vore travelt for dei frivillige i særlaga og fleire har ynskt meir støtte frå Lagskontoret.

I 2023 var laget med på fleire arrangement knytt til Bygdelagssamskipnaden (BLS) sitt 100-årsjubileum, m.a. mottaking i Rådhuset, fest i Teatersalen og festframsyning på Det Norske Teatret.

Hyttene blei hyppig brukt dette året. Bondehytta har vekt interesse blant lokale i Nittedal og Røkleivhytta har vore litt meir brukt av laget enn tidlegare. Teatersalen har vore mykje leigt ut, men dagtidsutleige har gått litt ned.

Vi har starta opp med utsending av nyheitsbrev igjen, som ser ut til å vere populære. Idrottslaget har hatt auka aktivitet i Sentrumsløpet sine kanalar for å prøve å nå tilbake til deltakartalet frå seint 2010-talet.

Økonomisk sett var 2023 eit mindre utfordrande år enn dei føregåande, men vi var framleis forsiktige med pengebruken då året bar preg av prisstiging og usikre økonomiske tider i samfunnet. I bedriftene våre har det samla sett vore eit bra år, spesielt for hotellet, som ikkje blir like påverka av auka innkjøpsprisar og kronekursen som dei andre einingane i konsernet.

På Lagskontoret har det mesteparten av året vore fem tilsette, der to av dei jobbar utelukkande for Idrottslaget. Dei andre tre stillingane utgjer til saman 2,3 stillingar. I september tilsette vi ein jubileumsansvarleg som skal planlegge arrangement og markeringar for 125-årsjubileet i 2024.








## 2. MEDLEMMAR

### 2.1 Medlemstal\*

MEDLEMSTAL	2023	2022	2021	2020	2019
<b>BUL Samla</b>	<b>798</b>	<b>697</b>	<b>661</b>	<b>712</b>	<b>686</b>
Idrottslaget	476	458	449	487	454
Leikarringen	212	152	127	140	145
Av desse i BULder og TrøBUL	18	22	18	19	17
Songlaget	50	32	27	28	32
Teaterlaget	27	23	21	24	22
Ikkje med i eit særslag	43	49	45	63	51

\*Betalande medlemmar, samt livsvarige og heidersmedlemmar.

### 2.2 Medlemsfordeling





# 3. KULTUR- OG IDRETTSAKTIVITETANE

## 3.1 Særlaga

### Leikarringen

Leikarringen har hatt eit svært aktivt år med mange engasjerte medlemmar. Som vanleg hadde laget eit fullspekka program på tysdagar med ulike dansestilar og tema, og dei legg no også opp til sosialt samvær i salen etter dansen. Årsmøtet var 28. februar der Torbjørn Bergwitz Lauen blei attvald som leiar. Då BLS feira 100 år den 14. mars, var Leikarringen både med og dansa i rådhuset og bydde opp til dans i Teatersalen på kvelden – ein bursdagsfest der om lag 200 deltok. Den 26. april var det feiring av bunadsbruk i salen og Leikarringen stilte med danseoppvising – med sjølvaste H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit til stades.

På 17. mai dansa laget for 49. gong opp Karl Johan før barnetoget med over 150 dansarar – historisk rekord! På Brusteinsballet var det også stort oppmøte, nærmare 400.

Den 4. juni var det Bygdøystemnet på Norsk Folkemuseum der Leikarringen deltok. Som tidlegare år reiste laget på Landskappleiken, denne gong i Lom 21.-25. juni. Det var mange som deltok og det var både sigrar og opprykk å hente. I august starta Leikarringen ei ny gruppe, Framsyningsringen, for dei mest erfarne dansarane i gruppa. Den 30. september deltok laget på Oslokappleiken og tok førsteplassen i lagdans for tredje gong. Dei fekk med seg vandrepremien til odell og eige, ein rosemåla trebolle.

Leikarringen reiste til Bergen 13.-15. oktober på Vestlandskappleik og seinare i oktober var dei med på festframsyninga til BLS på Det Norske Teatret.

Då Leikarringen fylte 104 år 14.11. delte dei ut tre nye heidersmerke: Anne Cathrine Johansen, Klas Ekeland og Rune Bergwitz.



17. mai – dans opp Karl Johan. Foto: Thor Hauknes.

### Idrottslaget

Idrottslaget har hatt eit aktivt år med mange utøvarar som reiste på stemne og konkurrerte. I februar arrangerte IL i BUL NM innandørs i Bærum. Til UM innandørs i Ulsteinvik i mars sende klubben ein tropp på heile 27 utøvarar og tok med seg 15 medaljar heim. På årsmøtet blei Marius Frøvig Schneider vald som ny leiar.

Sentrumsløpet gjekk av stabelen 22. april. Påmeldingstala bar framleis preg av pandemien og enda på om lag 9700. Det var elles eit vellykka arrangement med flott vêr og god vårstemning på Karl Johan.

I sommarhalvåret deltok IL i BUL på mange meisterskap: Holmenkollstafetten, Tjalvelekene, Vivil-lekene, Per Halle Invitational og Friidrettens Venners Festival, Trond Mohn Games, Diamond League, NM Junior, NM stafettar, Norgesmeisterskapet og Ungdomsmeisterskapet.

Det blei som vanleg arrangert friidrettsskule tre veker sommaren 2023. Det var omlag 140 påmelde, som er ein liten nedgang frå året før.

BVT-gruppa sine to fotballag deltok i Stjerne-serien og enda opp med både gull og sølv.

Idrottslaget bidrog med frivillige og arbeidskraft på Bislett Games i juni og KK-mila i september.

Som vanleg arrangerte laget julestemne i Bærum. 460 påmelde deltakarar, omlag likt 2022. Arrangementet gjekk fint for seg med fleire gode resultat.

IL i BUL hadde to utøvarar i den norske troppen til EM i terrengløp i Brussel 10. desember.



Holmenkollstafetten 13. mai. Foto: Magnus Kringstad.

## Teaterlaget

Teaterlaget har hatt faste øvingar på måndagar og har som vanleg sett opp to produksjonar i løpet av året. Den 27. mai-2. juni spelte dei stykket «Så var det ingen fleire» av Agatha Christie der Teaterlagets eigen Håvard Thorsby hadde regi.

I stykket møter vi ti personar som er inviterte av eit ukjent vertskap til ei aude øy. Ein etter ein blir dei på mystisk vis myrda etter same mønster som eit gammalt barnerim og dei innser at mordaren må vere ein av dei.



Så var det ingen fleire. Foto: Teaterlaget

Framsyinga gjorde stor suksess og hadde veldig gode besøkstal.

Den 2.-8. desember sette Teaterlaget opp Samson & Roberto, eit stykke basert på Ingvar Ambjørnsen sine populære barnebøker. Dette er ei varm forteljing om viktigheita av vennskap og samhold – med masse kjærleik, galskap og humor. Teaterlaget og BUL spleisa på å kjøpe inn eit stillas, som blei sett opp i salen til dette stykket. Dei andre særлага flytta øvingane sine ut av salen i speleperioden til Samson & Roberto, ei ordning vi skal prøve ut også i 2024.

I tillegg til faste produksjonar deltok Teaterlaget på «Kven Veit» tidleg i 2023 og på Bygdelagssamskipnaden si festframsyning på Det Norske Teatret i oktober.

Endre Flatmo var leiar i 2023.

## Songlaget

Songlaget har hatt eit aktivt år med auka medlemstal og mykje aktivitet. Dei har hatt faste øvingar på torsdagar i tillegg til nokre seminarhelger.

På årsmøtet 2. mars blei Karianne Johansen attvald som leiar.



Songlaget arrangerte korfest på Sogn hagekoloni 24.03. God deltaking og stemning etter tre år utan fest. Tema for festen var nordisk, nett som tema for sommarkonserten.

Songlaget deltok på Kven veit, der dei etter tre rundar stakk av med sigeren. På 17. mai song laget på Brusteinballet, som i 2023 var eit svært vellykka arrangement med om lag 400 deltakarar. Songlaget hadde sommarkonserten «Nordiske tonar» i Teatersalen den 11. juni. Konserten gjekk bra og hadde godt oppmøte med om lag 85 betalande publikummarar.



Songlaget song på Brusteinballet. Foto: Thor Hauknes

På hausten deltok dei i NM for kor i Trondheim og fekk ein 2. plass i gruppe A i blandakor. Dette var dei svært nøgde med. Songlaget var med på BLS si festframsyning på Det Norske Teatret i oktober. Dei framførte nyskriven marsj og hylling til jubilanten saman med Bygdelagskoret Blåne. I desember heldt Songlaget julekonserten «Med jula i hjartet» i Sagene kirke. Svært gode tilbakemeldingar, «det beste vi har høyr» sa nokre. Dette var eit dyrt prosjekt pga. mange musikarar, så dei kunne tenkt seg ein del fleire betalande publikummarar. Det kom 276 betalande, men konsertstøtte på 30.800 redda konsertbudsjettet.

## Målarbeid

Målnemnda i BUL har også i år vore støttespelar for Nynorsk inspirasjonsdag på Det Norske Teatret 1.11. og Norsk Målstemna 23.-24.9. på Litteraturhuset.

Ut over dette er framleis BUL sin største språklege prioritet å sørge for at ekstern informasjon på nettsider, sosiale medium og utsendingar, er på nynorsk.

Administrasjonen prøver også å påverke med å spørje leverandørane våre om det er nynorske moglegheiter for deira produkt, men dette er ikkje alltid noko dei ynskjer å prioritere, dessverre.

Særlaga skriv sine eigne innlegg, publikasjonar o.l., medan lagskontoret støttar Idrottslaget med kommunikasjon som gjeld Sentrumsløpet.

Det Norske Teatret starta i juni Tett-gapet-kampanjen for å få styresmaktene til å følgje opp si eiga språklov og sikre like vilkår for dei to nasjonale teatera i hovudstaden. Dette har BUL støtta med å kjøpe to stolar på hovudscena og vi oppmoda medlemmar til å gje gåver til laget for å kjøpe fleire stolar.

The logo for 'Tett Gapet' features a stylized, dark red symbol resembling a less-than-or-equal sign (<=) to the left of the words 'TETT' and 'GAPET' stacked vertically in a bold, white, sans-serif font.

TETT  
GAPET

- Støtt nynorsken!  
Støtt Det Norske Teatret.



## 3.2 Tilskipingar og andre hendingar i laget

I 2023 har BUL gjennomført og vore medarrangør av faste tilskipingar, medan nye arrangement ikkje vart prioritert.

I januar arrangerte Den Mangfaldige Scenen (DMS) og BUL *Møt Nynorskens hus*, eit tilbod til alle 6. klassingar i Oslo, under Den kulturelle skolesekken. Dette blei dessverre avlyst både i 2021 og 2022, men er no på plass og skal også gjennomførast i 2024 og 2025.

Første runde av *Kven Veit?* blei gjennomført 25. januar der Teaterlaget, Songlaget og Leikarringen stilte med kvart sitt lag. Andre runde fann stad 1. mars, og tredje 29. mars. Songlaget stakk av med sigeren nasjonalt,

Idrottslaget arrangerte NM innandørs i februar – ei flott friidrettshelg i Bærum med god innsats og fine resultat.

I april var det endeleg ein meir normal versjon av Sentrumsløpet med 9694 påmelde. I 2022 var påmeldingstalet nesten halvert frå 2019 (6832 mot 12.496), så vi landa om lag midt mellom i år.

17. mai blei feira med dans opp Karl Johan på morgonen og Brusteinballet på Universitetsplassen kl. 18.14. Begge arrangementa hadde rekordhøgt oppmøte.



Open dag på Røkleivhytta. Foto: Kari Velure

I august hadde vi open dag på Røkleivhytta. Vêret var litt hustrig denne dagen, men det la ikkje dempar på den gode stemninga og dei som var der var einige om at dette må vi gjere oftare. Hyttetur er eit fint høve for heile laget å kunne møtast.





Bygdelagssamskipnaden (BLS) fylte 100 år i 2023 der det største arrangementet var festframsyninga «100 år med bygder i byen» 28.10. Omlag 400 stykk, inkludert kulturministeren, var til stades på Hovudscenen på Det Norske Teatret. Teatret var pynta med lagsfaner oppover trappa til Bikuben og publikum fekk sjå ei imponerende mønstring av mangfaldet innan BLS med over 200 aktørar på scenen. Her fekk born utfalde seg i halling og Bhangradans, det var "kompe"-dikt, bygdedansstafett og turdanskavalkade, songdans, toraderspel, stildans og engelsk country dans, diktdramatisering, teater og korsong. Vegar Vårdal var kunstnarleg ansvarleg.

Etter framsyninga var det fest i foajeen med helsingar og dans.



Dette året mista vi nokre eldre medlemmar som har vore aktive i laget: Dag Vårdal 5. januar, Wenche Blomberg 26. oktober og Bjørg Nilsen 18. november. Wenche Blomberg si gravferd blei halden i Teatersalen 6. november. Å ha ei gravferd i lokala våre var uvanleg, men det var ein fin seremoni.



Julegrauten 13. desember hadde om lag 120 påmelde. Som før hadde vi graut, quiz, julenisse og godteri. Heile laget var invitert, medan flesteparten av deltakarane var barn og unge frå Idrottslaget.



## 3.4 Aktivitetskalender 2023

Under er ei oversikt over tilskipingar i regi av BUL med særslag, arrangement der særлага har vore medarrangør, og andre arrangement BUL har deltatt på i våre lokale.

Tilskipingar i **utheva skrift** er i regi av BUL, i *kursiv* er arrangement der BUL har vore medarrangør.

### Januar

9.-26. *Møt Nynorskens hus (DMS og BUL)*

### Februar

8. *Første runde av Kven Veit?*

18.-19. *NM innandørs (Idrottslaget, IK Tjalve, SK Vidar og Oslo Friidrettskrets)*

### Mars

1. *Andre runde av Kven Veit?*

22. **Årsmøte BUL**

### April

5. *Tredje runde av Kven Veit?*

22. **ASICS Sentrumsløpet (Idrottslaget)**

### Mai

17. **Dans opp Karl Johan (BULder og Brak / Oslo kommune)**

17. **Brusteinsball (Leikarringen og Songlaget)**

### Juni

11. **Sommarkonsert (Songlaget)**

27.5.- **Så var det ingen fleire (Teaterlaget)**

2.6.

15. *Bislett games (Bislettalliansen/Idrottslaget)*



Lagsfaner prydar DNT 28.10. Foto: Terje Svindseth.

### August

13. **Open dag (Røkleivhytta)**

27. **Hyttedans på Røkleivhytta (Leikarringen)**

### September

10. **Hyttedans på Bondehytta (Leikarringen/Bondehytta)**

23. *Norsk målstemna (Målnemnda, Høgnorskringen, Norsk Måldyrkingslag)*

### Oktober

18. *Nynorsk inspirasjonsdag (Målnemnda og Fylkesmållaget Vikværingen)*

28. *100 år med bygder i byen (BLS)*

### November

25. **Julestemne (Idrottslaget)**

### Desember

3.-9. **Samson & Roberto (Teaterlaget)**

10. **Julekonsert (Songlaget)**

13. **Julegraut i Teatersalen**



Brusteinballet 17. mai. Foto: Thor Hauknes.




## 4. INFORMASJONSARBEID

Ettersom vi har fått inn ein organisasjonsrådgivar i 2023, har vi hatt moglegheit til å yte meir på kommunikasjonsområdet. Heimesida ([www.bul.no](http://www.bul.no)) har blitt oppdatert med den mest relevante informasjonen og på Facebook har vi auka aktiviteten. BUL si Facebook-side hadde 760 følgjarar ved utgangen av 2023. Nettsida [www.nynorskenshus.no](http://www.nynorskenshus.no) har vi ikkje prioritert å administrere.

I 2023 har vi igjen starta opp med nyheitsbrevutsendingar for å informere andre i laget om kva som føregår. Dei har hatt ein gjennomsnittleg opningsrate på om lag 68 %, noko vi er nøgde med.

Særlega har vore aktive på sosiale medium-kanalar og får god respons.

Idrottslaget har prøvd å auke informasjonarbeidet sitt det siste året og har fått hjelp til å sette seg inn i meir målretta promotering av løpet – med håp om at påmeldingstalet kan kome opp på eit samanliknbart nivå med 2019.




Sentrumsløpet på Instagram.

## 5. EIGEDOMAR OG DRIFT

### Lagslokala i Rosenkrantz' gate 8

Lokala våre i Rosenkrantz' gate 8 har vore mykje i bruk også i 2023. Lagsaktiviteten har tatt seg opp, m.a. etter at Leikarringen har starta nok ei gruppe (Framsyningsringen) og Teaterlaget ynskte meir tid i salen i samband med framsyningane sine. DMS har tidlegare ikkje brukt salen like mykje som dei har avtalefesta, men dei har hatt auka behov i 2023. Vi har halde eitt planleggingsmøte i semesteret for å koordinere aktiviteten, men det er til tider utfordrande å få kabalen til å gå opp og finne alternative lokale.



DMS-festival november: Livets bevegelser – historier om å vere ung med funksjonshemming.

Foto: Tori Flaatten Halvorsen

I haust inngjekk vi eit samabeid med Det Norske Teatret (DNT) om å bruke lokale hos kvarandre gratis. Dette håpar vi kan bli ei god ordning når vi får betre ordningar for nøklar, informasjonflyt med særslag og medlemmar og at alle blir kjende med lokala til DNT.

Når det gjeld oppgradering og vedlikehald, pussa vi opp dametoalettet tidleg i 2023. På hausten gjekk vi i gang med eit forprosjekt for oppussing av foajeen saman med ein interiørarkitekt. Vi har elles kjøpt inn ein del nytt teknisk utsyr til salen, med støtte frå Kulturrom.

## Røkleivhytta

Hytta var leigd ut 33 døgn og hadde om lag 415 besøkande. Leigeinntektene for 2023 ligg på om lag 70.000.

Røkleivhytta hadde open dag i august med vaflar og kaffi, og dugnad i oktober. Styret i Røkleivhytta har gått til innkjøp av ei motorsag dei er svært nøgde med. Røkleivhytta har i år skifta taket på uthuset.



Dugnad på Røkleivhytta i oktober. Foto: Terje Svindseth

Hyttestyret har hatt mykje å gjere også i år ettersom det har vore problem med det elektroniske utstyret og vasspumpa, som har kravd organisering av fagfolk.

### Styret i Røkleivhytta

Leiar: Tormod Bønes.

Styremedlemmar:

Olaf Almenningen, Leif Halvard Silli, Sveinung Helgheim og Ashwin Reddy.

## Bondehytta

For Bondehytta var det stor auke i utleige i 2023, med leigeinntekter på 23.000, samanlikna med 3000 året før. Dette er m.a. fleire lokale skuleklassar i Nittedal. Hyttestyret står for booking og tilsyn, medan Lagskontoret har delt ut nøklar og fakturerer.

Elles har det vore dugnad og hyttedans.

### Styret i Bondehytta

Leiar: Rune Bergwitz. Styremedlemmar: Klas Ekeland, Anne Cathrine Johansen, Hanna Løken og Albert Lombardo.



Dugnad på Bondehytta i september. Foto: Anne Cathrine Johansen



## Utleige Teatersalen og Lagsrommet

I 2023 var Teatersalen ikkje leigd ut like mykje på dagtid som dei to-tre føregåande åra, grunna ein fast leigetakar som hadde endra behov. På kveldstid og helg har vi hatt om lag like mykje utleige som dei siste åra.

Det er ein del faste som har halde arrangementa sine her også i år, til dømes Slagr sine liggekonsertar og Engegårdkvartetten sin 123-festival, som i 2023 tok føre seg Bartók. Her var også den ungarske ambassadøren aktivt inne.

I april var det feiring av bunadbruken, der Noregs Ungdomslag, Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum, Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Studieforbundet kultur og tradisjon feira arbeidet med eit prosjekt som har gått ut på å nominere bunadbruken i Noreg til UNESCOs liste over immateriell kulturarv. Her var HKH Kronprinsesse Mette-Marit til stades.



Feiring av bunadbruken, Marianne Borgen held tale. Foto: Kari Velure.

## 6. ØKONOMI OG FORRETNINGSDRIFT

BUL hadde i 2023 inntekter på om lag 1,8 mill. før renteinntekter, og kostnadar på om lag 6 mill. Vi har fått likviditetsoverføringar på 4,25 millionar frå Bøndenes hus der om lag 1,9 mill. var renteinntekter.

Med utgangspunkt i auka kostnadar og usikre økonomiske tider har lagsstyret i 2023 halde fram med ei ganske stram økonomistyring. Sidan vi også vil bruke litt pengar på jubileumsåret 2024, var det ynskjeleg å halde litt tilbake på pengebruken.

I forretningane har det vore eit svært bra år for hotellet med høgt belegg og gode resultat. Det har vore mykje turistar, og det kan tyde på at svak krone har vore ein fordel for hotellet.

Kaffistova har også hatt ein svært god utvikling med meir enn 25 % omsetningsauke, men har merka at innkjøpsprisane har stige mykje og har hatt høge personalkostnader i år, grunna nytt konsept med meir bordservering, i tillegg til eit høgt sjukefråvær.

Heimen Husfliden har derimot slitt med at eurokursen har slått sterkt negativt inn på varekostnaden til Solhjell, som har ei produksjonsbedrift i Estland. Butikken til Heimen i Rosenkrantz' gate blei pussa opp i februar/mars og dei heldt difor stengt. Det har også vore tydeleg at den økonomiske situasjonen i Noreg gjer at kjøpekrafta ikkje er på topp og at investeringar i dyre varer som bunad blir utsett.

Kjellarstova er pussa opp og har blitt ein flott stad for selskap.

LL Lagsbruka skifta namn til Hotell Bondeheimen AS.



## 7. TILSETTE PÅ LAGSKONTORET

### **Kari Velure**

Dagleg leiar. 100 % stilling.

### **Maria Ellingsen Austbø**

Organisasjonsassistent fram til 31.03. og organisasjonsrådgivar frå 01.04. 80 % stilling.

### **Jøran Normann**

Ansvarleg for utleige/sal/teknikk. 50 % stilling. 20 % av tida går til Den Mangfaldige Scenen.

### **Eirik Tanberg**


Dagleg leiar i Idrottslaget. 100 % stilling.

### **Simen Wifstad**

Administrasjon- og arrangementsansvarleg i Idrottslaget. 100 % stilling.

### **Mari Elise Haugen**

Prosjektstilling september–desember, timesbasert med ramme på om lag 20 % stilling.



Jøran Normann



Maria E. Austbø



Simen Wifstad



Kari Velure



Eirik Tanberg



Mari E. Haugen



I starten av 2023 tilsette vi ein assistent i ei midlartidig stilling for å støtte dagleg leiar i det som ofte er ei travel tid. I februar lyste vi ut stillinga som organisasjonsrådgivar og Maria Ellingsen Austbø blei tilsett. I september tilsette vi Mari Elise Haugen til å jobbe med jubileumsåret 2024. Dette er ei prosjektstilling med timeløn, med ei ramme på om lag 20 % stilling.

Det har ikkje vore ulukker eller skadetilfelle i 2023. Sjukefråværet er noko auka frå tidlegare år, men framleis lågt. Laget som arbeidsgivar er bunde av «Landsoverenskomsten for virksomheter» mellom Virke og arbeidstakarorganisasjonane.

## 8. VALDE OMBOD I OG FOR BUL

### Lagsstyret 2023/2024

Leiar	Terje Svindseth
Nestleiar	Anne Cathrine Johansen
Styremedlem	Gunnvald Grønvik
Styremedlem	Olav-Johan Øye
Styremedlem	Astrid Marie Grov
1. varamedlem	Steinar Hernes
2. varamedlem	Mari Lundevall
3. varamedlem	Ivan Kristoffer Nilsen



Styremiddag på Kaffistova.  
F.v. Anne Cathrine Johansen, Terje Svindseth, Gunnvald Grønvik, Mari Lundevall, Astrid Marie Grov, Olav-Johan Øye og Kari Velure (lagskontoret)

I 2023 har lagsstyret hatt 8 møte. Leiaren eller nestleiareren har leia møta. Lagsstyret har handsama 94 saker. Varamedlemmane blei kalla inn til alle møta. Saker til styremøta blir førebudde i samarbeid mellom lagsleiar, nestleiar og administrasjonen.

### Særlagsstyra 22/23

#### Songlaget:

Leiar: Karianne Johansen  
Ole Johan Hildre  
Marit Buset  
Synnøve Berstad  
Janne Bjørlo  
Bård Winther (vara)  
Angeliki Zisi (vara)  
Vidar Lund (vara)

#### Leikarringen:

Leiar: Torbjørn Bergwitz Lauen  
Simon Hesselberg Løvald  
Herborg Oma  
Tone Ingvaldsen  
Elise Birgitte Haugsten  
Elias Vinje (vara)  
Synnøve Bryde (vara)

### Rådet 22/23

Ordfører: Kari Bjørke  
Magnhild Kaasin  
Sveinung Helgheim  
Samuel Blessing Alonga  
Vidar Lund  
Vigdís Rønning  
Elise Haugsten  
Karianne Johansen  
Kari Aniksdal (vara)  
Vivian Brattsti Sørensen (vara)

#### Idrottslaget:

Leiar: Marius Schneider  
Hilde Abelvik Osnes  
Jill Olsen  
Geir Vaage  
Angelica Okparaebo  
Kenneth Baranyi Eriksen (vara)  
Edem Agbo (vara)

#### Teaterlaget:

Leiar: Endre Isachsen Flatmo  
Heidrun Sølina Øverby  
Silje Dahl  
Lena Reksnes Sanne  
Håvard Thorsby  
Heidi G. Einarsrud (vara)  
Sunniva Vikøren (vara)

#### Bunadnemnda:

Sigrid Kjøbli  
Åse Holen  
Anne Cathrine Johansen

#### Målnemnda:

Håvard Tangen  
Marie Nicolaisen  
Olav-Johan Øye

Særlaga har hatt regelmessige styremøte gjennom heile året, ofte på møterommet på Lagskontoret.

Den 11. oktober hadde vi leiarmøte der alle leiarane frå særlaga og hyttestyra var inviterte. Her snakka vi om budsjett, strategiplanar/handlingsplanar, jubileum 2024 og kva laga skal drive med i 2024.

Rådet har hatt fire møte i 2023. Hovudoppgåva deira er å tilrå i økonomiske saker. Rådet, saman med styret, er generalforsamling i Bøndenes Hus AS.

## Valde ombod for Bondeungdomslaget i Oslo

### **Landsmøtet i Noregs Ungdomslag**

Astri Andrea Hernes Bjerkem, Vivian Brattsti Sørensen, Elias Vinje, Ingeborg Revheim, Nina Losnedahl, Ånund Meberg Myhren, Albert Lombardo.

### **Årsmøtet i Bygdelagssamskipnaden**

Terje Svindseth, Olav Kårevik, Arne Nordvi og Vigdis Rønning.

### **Årsmøtet i Dag og Tid**

Olaf Almenningen, Terje Svindseth og Vigdis Rønning

### **Rådet i Norsk Barneblad**

Anne Cathrine Johansen (2 år), Arne Nordvi (2 år), Vigdis Rønning (vara, 1 år).

### **Årsmøtet i Det Norske Teatret**

Vivian Brattsti Sørensen (stemmeansvar), Olav Kårevik, Vigdis Rønning og Olaf Almenningen.

### **Årsmøtet i Vikværingen**

Maria Ellingsen Austbø

### **Styret i Norsk Barneblad**

Synnøve Bryde (2 år), Mari Elise Haugen (vara, 1 år).

### **Styret i Den mangfaldige scenen AS**

Deise Nunes og Tone Ingvaldsen.

### **Generalforsamling Den mangfaldige scenen AS**

Terje Svindseth og Anne Cathrine Johansen.



## BUL-medlemmar valde til verv i nærskyldige organisasjonar

Anne Farseth, president i **Norges Friidrettsforbund**

Håvard Hasås, styreleiar i **Bislett Alliansen**

Hilde Osnes, nestleiar i **Oslo friidrettskrets**

Torbjørn Bergwitz Lauen, Leiar i **Noregs Ungdomslag**

Terje Svindseth, organisatorisk nestleiar i **Noregs Ungdomslag**





BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

*Gratulerer*

JON FOSSE

MED NOBELPRISEN I  
LITTERATUR 2023



SONGLAGET  
BUL I OSLO • 1914



TEATERLAGET  
I BONDEUNGDOMSLAGET • OSLO

